

Kopi: Ordfører
Rådmann
Økonomi-
ansvarleg

Meland kommune
Kontrollutvalet

Isdalstø, 07.04.2015
Revisjonsrapport nr.12

Årsrekneskapen 2014

Vi har revidert kommunen sin årsrekneskap for 2014. Vårt arbeid er utført med heimel i kommunelova § 78 og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv. som set nærare krav til revisjon av kommunen sin årsrekneskap. Forskrifta § 4 seier at planlegging, gjennomføring og rapportering av revisjon skal skje etter krava i lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk fylgjer mellom anna av internasjonale revisjonsstandardar (ISA).

I denne rapporten vil vi kommentere nokre forhold som fylgjer av vår revisjonsgjennomgang.

Driftsresultat 2014

Kommunen har eit positivt netto driftsresultat på kr 14,5 mill. som utgjer 3 % av sum driftsinntekter som også er anbefalt nivå. Dette resultatet er kr 5,3 mill. over budsjettert netto driftsresultat for 2014. I denne endringa inngår mellom anna lågare avdragsutgifter enn budsjettert med kr 2,6 mill. samt auka brutto driftsresultat med kr 3 mill.

Inntektsføring og interne rutiner

I forbindelse med årleg revisjon har vi i 2014 kontrollert interne rutiner rundt inntektsføring av brukarbetaling ved legekantor og SFO.

Det vart avhalde rutinekartleggingsmøte mellom revisjonen og sfo-leiar/rektor ved Sagstad skule samt mellom revisjonen og Frekhaug Legesenter.

Vi gjennomførte i etterkant av møtet kontroll av om tilleggsfakturering av SFO i haustferien var utført i samsvar med registrerte tilleggstimar pr elev. Kontrollen avdekket at haustferie ikkje var tilleggsfakturert på Sagstad SFO.

Kommunen har i ettertid gått gjennom tilleggsfakturering av haustferie også for dei andre skulefritidsordningane og opplyser at dei andre var fakturert og at det er gjennomført tilleggsfakturering av haustferien i ettertid.

Revisjonen oppmodar til at ein går gjennom faktureringsrutiner og vurderer om ein kan gjere tiltak for å redusere risikoen for ufullstendig fakturering med særleg fokus på å fange opp endringsmeldingar og eventuelle tilleggsoppdrag.

Frekhaug legesenter og Helsenaustet har felles fagsystem og avtale om betalingssystem (Melin). Melin foretar utsending av faktura og innkreving av ubetalte krav. Økonomikontoret har tilgang til Melin via web og kan ta ut rapportar.

Det er ikkje samsvar mellom rapportar over sal og uteståande henta frå fagsystemet og rapportar frå Melin. Kommunen har ikkje lukkast med å avklare kva differansane skuldast i løpet av 2014 og det føreligg ikkje avstemming av systema. Pr 31.12. var det 18 000 i akkumulert differanse mellom Melin og fagsystem. Dette er inntektsført i kommunen sitt rekneskap. Opptalt kontantbeholding på legekantoret pr 31.12, kr 10 834, samsvarer ikkje med bokført kasse i kommunerekneskapen kr 7 541.

Revisjonen ber om at kommunen avklarar dei avvika som er mellom fagsystem og betalingssystem, sikrar tilstrekkelege rutinar for avstemming mellom systema samt etablerer rutine for kontanthandsaming.

Tilskot private barnehagar

Tilskot til private barnehagar er ein stor utgiftspost i kommunen sin rekneskap og utgjer om lag kr 74,3 mill. i 2014 mot kr 49,6 mill. i 2013. For 2014 inngår ekstraordinært tilskot på

kr 3,1 mill. i totalt tilskot. Vi har fått opplyst at kommunen si utrekning av tilskot for 2014 vil bli kvalitetskontrollert eksternt før avrekning 2014 blir sendt ut. Revisjonen har kontrollert utrekningane til kommunen ved stikkprøver og har ikkje funne vesentlige avvik i desse kontrollane.

Avstemming lønn

I 2014 var ikkje lønnsavstemming gjennomført løpande gjennom året.

Kommunen sin totalavstemming av lønn pr. 31.12.2014 viser at det er ført oppgavepliktige utbetalinger i andre kontoklassar enn dei som er bestemt for formålet. Vi ber om at dette blir retta opp i 2015 og at lønnsavstemming blir gjennomført løpande gjennom året.

Utgifter i investeringsrekneskapen

Som tilgang i investeringsrekneskapen er det mellom anna utgiftsført asfaltering av ein del vegar. Vi har fått opplyst at største delen av dette gjeld reasfaltering. Reasfaltering er i utgangspunktet vedlikehald som skal førast i driftsrekneskapen. Føring i investeringsrekneskap må vera i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk. Vi ber difor om at kommunen sin grunngjeving for å føre slike utgifter i investeringsrekneskapen blir påført bilaget eller arkivert som del av årsoppgjersdokumentasjonen.

Budsjettavvik under helse og omsorg

I samband med revisjon av inntekter, har vi stilt spørsmål ved budsjettavvik under helse og omsorg. Teneste 2530 og 2540 har vesentlig auke i inntekter i høve til budsjett 2014 og rekneskap 2013. Desse spørsmåla er ikkje besvart ved avslutning av revisjonen og tilbakemelding om stor inntektsauke på områda bør bli gitt til kontrollutvalet i samband med handsaming av rekneskapen.

Bankkontoar utanom rekneskapen

Kommunen har nokre bankkontoar som kommunen er eigar av, men som ikkje er bokført i kommunerekneskapen. Dette har tidlegare vore omtalt i revisjonsrapportar. Vi ber om at ein går gjennom dette området i 2015 for å sikre at alle bankkontoar som er registrert med kommunen som eigar blir bokført i rekneskapen. Revisjonen vil følgje opp dette i løpet av rekneskapsåret 2015.

Aksjefond

Kommunen har plassert midlar i verdipapirfond. Pr 31.12.2014 er dette fordelt på Skagen Avkastning kr 6,8 mill. og Skagen Høyrente kr 5,5 mill. Avkastning for 2014 er lagt til bokført verdi og utgjør kr 123 279 for Skagen Høyrente og kr 323 216 for Skagen Avkastning. Dette tilsvarer henholdsvis 2,3 % og 5,0 % av bokført verdi 01.01.14. Skagen Avkastning har høgast risiko av dei to plasseringane. Kommunen bør vurdere om oppnådd avkastning mot den auka risikoen og om kommunen har tilstrekkeleg fri eigenkapital til å forsvare risikoen ved verdipapirplassering.

Aksjer

Det er bokført tilgang av aksjer i Sambandet Vest AS med kr 120 000 i 2014. Aksjeposten er ikkje dokumentert med kopi av aksjeeigarbok og kapitalutvidinga framgår ikkje av Brønnøysund sine kunngjeringar om selskapet. Vi ber om at posten blir avklart i 2015 med omsyn til kommunen sin formelle eigardel i selskapet.

Mva kompensasjon

Vi har tidlegare i rapport nr 8 datert 11.04.2012, teke opp uklare rutiner for skilje mellom bustader med rett til mva kompensasjon og øvrige kommunale bustader. Regelverket er og omtalt i brev 12.11.2012 frå revisjonen. Kommunen har tilbakebetalt for mykje motteke mva kompensasjon i tilknytning til drift av bustader i 2014. For å sikre rett handsaming av mva kompensasjon i tilknytning til bustader må det utarbeidast rutineskildring for dette området i 2015. Denne må vera kjent for dei som har ansvar for drift, vedlikehald og nybygg, ansvarlege for utleige og tildeling av kommunale bustader samt økonomikontor.

Kapitalkonto

Kapitalkonto skal være lik anleggsmidlar – langsiktig gjeld + unyttta lånemidlar. I rekneskapen er det eit avvik på denne avstemminga på kr 351 993. Avviket som oppstod i 2010, var kommentert i revisjonsrapport nr 5 og 13 samt revisjonsmelding for 2010. Differansen har vore uendra dei siste åra og vi ber om at denne blir avklart og korrigert i 2015.

Presentasjon av årsmelding og årsrekneskap

Som del av revisjonen skal vi vurdere samanheng mellom årsmelding og årsrekneskap. Tabellane i årsmeldinga er ikkje heilt samanfallande med årsrekneskapen. Dette skuldast i hovudsak anna gruppering av rekneskapskontoar i årsmeldinga sine oppstillingar enn i årsrekneskapen. Til dømes under kapittel 2.5 er det nokre mindre avvik mellom rekneskapstal i tabellen samanlikna med rekneskapsskjema 1B i årsrekneskapen. For 2015 vil vi rå til at tabellane i årsrekneskapen, i størst mulig grad, blir nytta som grunnlag for kommentarar i årsmelding. Eventuelt kan ein spesifisere enkeltsummer eller linjer frå årsrekneskapen når det aukar informasjonsverdien.

I kommunestyrevedtak KS 085/13 punkt 2, budsjettvedtak for 2014, er det bestemt:

«Kommunestyret godkjenner ei total netto driftsramme for alle tenesteområda på kr 379,9 mill. og andre finansposter (inkl. renter og avdrag) med netto inntekt på kr 0,8 mill.»

Ut frå dette vedtaket skulle rekneskapsskjema 1B kun innehalde ei linje som viser netto driftsramme. Vi ber om at ein vurderer dette for komande års rekneskap. Ved å vise splitt på ansvar i skjema 1B i årsrekneskapen kan det bli mindre klårt kor grensa går mellom politisk og administrativt budsjettansvar.

Årsavslutning og dokumentasjon

Kommunen har ikkje følgd sin eigen tidsplan med omsyn til ferdigstilling av årsrekneskapen. Dette har medført at ein del område ikkje er avstemt og at det på ein del område er avstemmingsdifferansar som ikkje er avklart innan fristen for rapportering. Vi har vurdert desse områda og meiner dei ikkje medfører vesentlege feil i rekneskapen, men vi understrekar at dette medfører større risiko for avvik.

Formidlingslån under utlån i balansen har eit mindre avvik mellom bokført utlån og Lindorff si årsoppgåve over formidlingslån. Vi ber om at denne blir avklart i 2015.

Avstemming mellom fakturamodul og rekneskapsmodul er ikkje ferdigstilt ved avslutning av revisjon for 2014. Avvik mellom fakturamodul og rekneskapsmodul er viktige å avklare for å

sikre fullstendighet i inntekter. Vi ber om at ein prioriterer å avklare avvika i 2015 og at ein, basert på funn, vurderer konsekvensar for kommunens internkontroll.

Det er nokre mindre avvik mellom enkeltkontoar under langsiktig gjeld. Totalt sett er ikkje differansen vesentlig, men bør korrigerast med omsyn på seinare avstemming.

Konklusjon

Dei kommentarar som er teke inn i denne rapporten er ikkje vurdert som vesentlege feil i høve til vår revisjonsmelding, men er forhold som har betydning for kommunen sin internkontroll på økonomiområdet. Vi vil difor fylgje desse opp i 2015 og ber om tilbakemelding så snart dei enkelte områda er avklart.

Nordhordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef